

Ordførarane i Lindås, Osterøy og Vaksdal

Hordaland fylkeskommune  
v/fylkesrådmann Haugsdal  
Fylkesbygget, Bergen

## (Vatn)vegen vidare for båtruta i Osterfjorden / Veafjorden

Innleiingsvis viser me til fylkesrådmannen sitt utkast til budsjett for Hordaland fylkeskommune 2018 generelt og prioriteringar knytt til samferdsel spesielt - og dei konsekvensane dette kan få for fastbuande ved Osterfjorden og Veafjorden i kommunane Lindås (3), Osterøy (9) og Vaksdal (9).

Den administrative prosessen fram mot saksframlegget og den endelege tilrådinga frå fylkesrådmannen skapte sterke reaksjonar – spesielt mellom dei som kunne verte ramma om saka vart vedteken i samsvar med tilrådinga.

Brevet frå brukarane av båtruta til fylkesordføraren, datert 28.11.17, formulerer ei lang rekke relevante problemstillingar i saka.

I samband med behandling av fylkesbudsjettet vart følgande vedtak fremma av KrF, A, Sp og SV og seinare vedteke:

### **«Båtruter**

*Fylkestinget ber rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt. spleiseland mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.» (Saksprotokoll i Fylkestinget - 12.12.2017)*

Ordførarane i Lindås, Osterøy og Vaksdal er ikkje kjend med status for arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden, men ynskjer naturleg nok ei oppfølging av dette.

Me vil difor be om eit møte med fylkesrådmannen i april for utveksling av informasjon og synspunkt på denne viktige saka.

I tillegg til fleire av problemstillingane som er løfta fram i brevet frå brukarane, ynskjer me at fylkesrådmannen førebur refleksjonar evt. svar på følgande spørsmål:

1. Kva overordna ansvar har fylkeskommunen for å sikra og finansiera eit samla transporttilbod til innbyggjarane mellom våre tre kommunar?
2. Kva administrative vurderingar har fylkesrådmannen gjort med omsyn til at ei nedlegging av transporttilboden i praksis kan føra til ei styrt avfolking av dette området i Osterfjorden / Veafjorden og kva politiske vedtak, føringar eller signal ligg til grunn for desse?
3. Det er elles interessant å få ei betre forståing kva objektive kriterium som ligg til grunn for fylkeskommunen sine tilskot til ulike transporttilbod på sjø i Hordaland (ferjeruter unntake).
4. Det er òg av interesse å vita kor lenge Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til denne båtruta.

Lonevåg, 04.04.2018

Jarle Skeidsvoll  
ordførar, Osterøy

Eirik Haga  
ordførar, Vaksdal

Astrid Aa. Byrknes  
ordførar, Lindås